

Styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 13. januar 2011 på Vats skule kl. 19.00

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Hilde Fadnes Hølland, Kristin Ove Skare,

Arve Mjølhus, Sverin Fatland, Jon Olav Velde

(Anne Nesheim Myhre og Olaug Urdal kunne ikkje møta)

Dessutan møtte: Leiar i Vindafjord Tomteselskap, Leon Dyngeland i sak 1

Reidar Pedersen i Haugaland Kraft i sak 2

Knut Erik Gjerde, leiar i Døldarheia sameigarlag i sak 2

Sak 1. Bustadfelt og tomtetilgang i Vats.

Leiar i Vindafjord Tomteselskap, Leon Dyngeland orienterte om korleis han skal hjelpe til med å tilretteleggja bustadfelt og få byggeklare tomter i Vindafjord kommune ved hjelp av kommunen og private aktørar.

Han har 50 % stilling til dette arbeidet. Vindafjord Tomteselskap vart stifta 16. nov. 2009. Selskapet har eiga nettside: **minbit.no**

Ved å gå inn på denne nettsida, vil ein sjå kva selskapet arbeider med og kor det er ledige tomter og planar om nye felt.

Ved utbygging av bustadfelt skal tomtene seljast klausulfrie og til nettpris.

Her i Vats er det fleire prosjekt på gong og kan nemna:

- a. **Knaphusfeltet** – utviding av feltet blir drøfta.
- b. **Skjervheimfeltet** – nytt felt som er på kommuneplanen og som må avklarast.
- c. Er det nokon som har planar om å leggja ut tomter, så ta kontakt med Dyngeland.

Dyngeland er svært oppteken av å få ungdommene i bygda til å busetja seg i bygda etter endt utdanning. Då må det opparbeidast attraktive bustadfelt/-tomter og god infrastruktur. Dette med jobbtildod er også ein viktig faktor.

Dyngeland var svært oppteken av eit samarbeid med Grendautvalet om det kan la seg gjera å invitera ungdommene til t.d. ei bustadmesse i Vindafjordhallen der det kan bli fokusert på og gitt informasjon om bustadfelt, om jobbtildod, om ulike arbeidsplasser, om næringslivet i kommunen m.m.

Vedtak: Grendautvalet skal drøfta saka nærare og sjå om det kan la seg realisera å få til eit samarbeid med tomteselskapet, kommunen og næringslivet og få laga eit informasjonsmøte/arrangement på eit gunstig tidspunkt i Vindafjordhallen.

Sak 2. Døldarheia vindkraftpark.

Reidar Pedersen i Haugaland Kraft orienterte om planane som ligg føre om å byggja ut Døldarheia vindkraftpark. Det er Haugaland Kraft og Fred Olsen Renewables som skal stå for utbygginga. Dette området blei utpekt som eit ja-område i Fylkesplanen for vindkraft i Rogaland i 2009.

For å forstå storleiken til vindkraftparken gav Pedersen ein del fakta:

- a. Området for vindparken dekker eit areal på om lag 14 km².
- b. Windmøllene skal produsera 320 GWh– dvs. nok straum til 16 000 husstander.
- c. Det skal setjast opp vel 30 vindmøller som kvar produserer 2 – 3 MW.
- d. Det skal opparbeidast 14 km internvegar i området.
- e. Tårnhøgda på mastene er på 90 m.
- f. Rotorblada er på 105 m
- g. Totalhøgde på mastene blir på om lag 145 m.
- h. Utbyggingskostnader er stipulert til 1,25 milliarder kroner.

- i. Kommunen får 5 – 6 mill. kr. i egedomsskatt.
- j. Grunneigerane får erstatning og kompensasjon.
- k. Det blir om lag 5 – 7 årsverk i driftperioden
- l. Lokalt næringsliv og forretningar vil få auka aktivitet og omsetnad.

Elles er det svært mange instansar som blir involvert før ein konsekvensutredningrapport ligg føre.

Her kan nemnast kort kva som må utgreiaast i ein slik rapport.

- a. Landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv
- b. Biologisk mangfald
- c. Støy og skyggekast / refleksblink av mastene.
- d. Landbruk
- e. Infrastruktur
- f. Nedslag for drikkevatn.
- g. Forurensing.

For å få meir informasjon kan ein gå inn på datamaskinen på Google og skriva **døldarheia vindkraftverk**, sjå ["Melding om planlegging Døldarheia vindkraftpark"](#). Der får ein fyldig informasjon.

Ein kan også logga seg inn på WWW.nve.no/vindkraftverk

Reidar Pedersen vil gjerne at Grendautvalet skal ha ein representant inn i ei samrådsgruppe samansett av kommunen, lag og foreningar og næringslivet for å vera med å få innspill og synspunkt på prosjektet.

Det er svært mange grunneigerar som har eigarinteresser i dette området. Difor vart det danna eit sameigarlag for bøndene den 24. okt. 2006.

Dette laget fekk namnet **"Døldarheia sameigarlag"**.

Leiaren , **Knut Erik Gjerde** orienterte om kva syn grunneigerane har danna seg om det store prosjektet. Styret i sameigarlaget har i desse 4 åra skaffa seg eit godt faktagrundlag gjennom synfaringar til stader med vindmøller og faktaopplysningar om slike parkar i inn og utland. Dei har vore grundige i sine vurderingar og søkt juridisk råd og hjelp i denne prosessen. Dei har hatt ein jordskifteprosess og bruksendring i området.

Frå å vera negativ og tvilande til heile vindmølleprosjektet har grunneigerane landa på ei positiv innstilling. Det har vore heile mange forhandlingsmøte med utbyggerane som har resultert i eit positivt avtaleutkast som alle kan leva med.

Det er 55 grunneigerar og 53 har pr. 17. okt. 2010 skrive under på avtaleutkastet.

Konklusjonen til sameigarlaget er:

Grunneigerane stiller seg positiv til vindmølleparken og ser nå mange positive ringvirkningar i kjølvatnet av ein slik park.

Grendautvalet sin konklusjon:

- a. Grendautvalet ser at dette er eit svært stort og omfattande prosjekt som krev grundig konsekvensutgreiing før det blir sendt inn ein konsesjonssøknad.
Vindkraftparken vil produsera rein og fornybar energi – dette er viktig for alle.
Prisen lokalsamfunnet må ta for slik energiproduksjon kan ein ha ulike meininger om, men ein stad må slik produksjon etablerast.
Då gjeld det om å få eit anlegg som er mest mogleg miljøvennleg og som ikkje forurensar med utslepp eller skapar sjenerande støy eller skaper visuelt sjenanse.
Grendautvalet ynskjer ein grundig konsekvensutgreiing.

- b. **Grendautvalet ynskjer visuell kartlegging av mastene frå ulike punkt i bygda.**
Knapphus, Sjurseike, Åmsosen, Kårhus, Gjerdesdalen m.fl. eller ei visuell reise langs vegen rundt heile fjellplatået til vindkraftparken:
Kjør vegen frå Sandeid – Gjerdesdalen – Nedre Vats – Kårhus – Nesheimstranda – Knapphus – Ølen – Sandeid.
- d. **Grendautvalet er også oppteken av at bygda må få konkrete goder av eit slikt anlegg** i form av stønad og drift av tiltak til glede for unge og gamle i bygda t.d. til Vindafjordhallen.
Grendautvalet utfordrar Vindafjord kommune om å ta dette med under forhandlingane med utbyggerane.

Sak 3. Dugnadsarbeid for Vindafjordhallen.

Det er kome ein del synspunkt frå lag og foreningar om dugnadarbeid for Vindafjordhallen - at dei har lite att av slik innsats. Avtalen har vore at lag og foreningar skulle få leiga kjellarstova gratis til bl.a. sine lagsmøte mot at dei gjer dugnad for hallen, men slik er det ikkje i praksis.

Kva med bruksrett til kjøkken?

Det gamle bibliotekrommet er uteleigd og kan ikkje disponerast til arrangement for lag og foreningar lenger. Alt dette bør avklarast og drøftast på årsmøtet.

Leiaren sender dette som særutskrift til leiaren i Vindafjorhallen, Kari Rødde.

Vedtak: Grendautvalet vil fremja dette som sak til årsmøtet i Representantskapet i Vindafjordhallen nå i vår.

Sak til årsmøtet: Kva avtalar gjeld og kva rettar og plikter har lag og foreningar i Vats i Vindafjordhallen når dei gjer dugnad?

Sak 4. Menighetshus i Vats.

Grendautvalet er kjent med at det blir arbeidd med å få byggja eit eige menighetshus attmed kyrkja. Det er svært positivt å få samla seg om eit felles hus til gagn og glede for alle i bygda. At dette bygget blir i nærleiken av kyrkja er svært praktisk sidan Vats kyrkje ikkje er godt eigna til å vera ei funksjonell arbeidskyrkje for ulike aktivitetar i tilknytning til menighetsarbeidet.

Grendautvalet synes at det må la seg gjera å kombinera dette huset med Vindafjordhallen. At bygda skal drifta to ”samfunnshus” som ligg så nær kvarandre, er kostbart og ressurskrevande. Ved å byggja ut ny forsamlingssal og rom til ulike aktivitetar i tilknytning til Vindafjordhallen og samtidig nytta felles kjøkken, vil vera bra for begge partar.

Grendautvalet ynskjer at dette vart drøfta og om slik samdrift lar seg gjennomføra.

Vedtak: Leiaren sender særutskrift til styret i byggekomiteen for menighetshuset og til leiaren i Vindafjordhallen og tilkjennegir grendautvalet sitt syn i denne saka. Grendautvalet oppfordrar til at det blir drøfta eit bygningsmessig og samdriftsmessig samarbeid mellom menighetshus og samfunnshus i Vindafjordhallen. Lar dette seg gjennomføra reint praktisk?

Sak 5. Reguleringsplan for del av gnr. 138 bnr. Nr 32 i Åmsosen.

Grendautvalet har motteke sakspapir frå sak 80/10 i formannskapet i kommunen om denne reguleringsplanen i Åmsosen som omfattar bruksendring frå naust til hytter i utfylt område i sjø til denne eigedommen.

Leiaren i grenadautvalet orienterte om saka. Grendautvalet tok dette som ei orienteringssak.

Sak 6. Lysprosjekt ved sykkel- og gangstien i Øvre Vats langs E 134.

Grendautvalet er kjent med at det har blitt opparbeidd 3,2 km lang sykkel- og gangsti frå Knapphus til Aurdalsvegen på dugnad. Dette arbeidet har pågått sidan 1991.

Det er nå kome lysmaster opp langs vegen frå Knapphus til Øvre Vats bedehus. Dette arbeidet er også gjort på dugnad og ved innsamla pengegåver.

Det er imponerande arbeid som er utført og det offentlege ved Statens vegvesen som har ansvar for slike vregar, har kome svært billig ut med denne sykkel- og gangstien. Difor meiner Grendautvalet at Statens vegvesen må hjelpe til med å fullføra denne strekningen med lysmaster.

Dugnadsnemnda i Øvre Vats har nå kasta stafettinnen vidare til oss i Grendautvalet og bede oss om å arbeidar vidare med å fullføra og finansiera lysmaster frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen. Her trengs det 35 master a ca. 25 000 kr. + graving og legging av fundament og kabel.

Vedtak: Grendautvalet ser svært positivt på det arbeidet dugnadsnemnda har lagt ned til nytte og glede for dei som ferdast langs denne sterkt trafikkerte vegen og vil gjerne hjelpe til med å få fullført lysprosjektet.
Leiaren tek kontakt med Vindafjord kommune og Statens vegvesen, innhentar prisar hos til Haugaland Kraft og sender dei naudsynlege søknader for slike prosjekt.

Elles er Grendautvalet svært oppteken av trafikksikringsplanen som kommunen har. Her er det store utfordringar som grenadautvalet må følgja opp og få den kommunale handlingsplanen realisert med nemnde prosjekt:

- a. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdal og nordover til Eikeland og Ølensvåg og vidare utover frå Knapphus mot Skjold.
- b. Ventefil eller rundkjøring ved Knapphus i vegkrysset mot Nedre Vats - ved E 134 til R 46.
- c. Sikra overgangen frå Knapphusgrenda og R 46 med gangbru/undergang.
- d. Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.
- e. Sykkel- og gangsti frå Vats skule til Gjerdesdalen/Illsvåg
- f. Sykkel- og gangsti frå Åmsosen til Stokkafeltet.

Øvre Vats 13. januar 2011

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-